

Protokoll.

Ordinær generalforsamling for 2015. Granvin, 22.juni 2016 kl. 12.00

Tilstades frå eigarane:

Hordaland Fylkeskommune: Helge Nævdal m/fullmakt
Bergen kommune: Marit Winther Sørstrøm m/fullmakt
Eidfjord kommune: ordførar Anved Johan Tveit
Voss kommune: Helge Nævdal m/fullmakt
Kvam herad: Torgeir Næss v/heradstyrevedtak
Granvin herad: ordførar Ingebjørg Winjum
Ulvik herad: ordførar Hans Petter Thorbjørnsen
Ullensvang herad: Samson Hamre v/heradstyrevedtak

Frå Statens vegvesen: Ingen

Frå Riksrevisjonen: Ingen

SAKLISTE

- 1. Godkjenning av innkalling og val av møteleiar**
Det var ikkje merknad til innkalling. Møteleiar: Einar Lutro.
- 2. Val av referent og 1 representant til å skrive under protokoll i tillegg til styreleiar.**
Refrent: Einar Lutro
Til å skriva under protokollen vart styreleiar og Helge Nævdal valde.
- 3. Godkjenning av dagsorden.**
Vedtak: Dagsorden vart godkjend.
- 4. Godkjenning av styret si årsmelding.**
Årsmeldinga vart framlagt og gjennomgått.
Vedtak: Årsmelding vart godkjend.
- 5. Godkjenning av rekneskap og revisormelding.**
Rekneskapan og revisormelding vart framlagt og gjennomgått.
Vedtak: Rekneskapan vart godkjent.
- 6. Disponering av årsresultatet.**
Vedtak: Årsresultatet vert lagt til kapitalen.



HARDANGERBRUA
www.hardangerbrua.no

7. Vedtektsendring

Forslag til endring av § 5 i vedtektene:

Selskapet sitt styre skal ha 5 medlemmer med 5 personlege varamedlemmer.
Styremedlemmene skal oppnemnst slik: 3 representantar vert oppnemnt av Hordaland fylkeskommune, 2 representantar vert oppnemnt av dei andre aksjonærane, Bergen, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Vedtak: Årsmøtet slutta seg til vedtektsendringa.

8. Val

Innstilling frå valnemda i Hardangerbrua AS:

Styremedlemmer	Eigarane	Personlege varamedlemmer	Eigarane
Solfrid Borge (leiar)	HFK	Torill S. Nyborg	HFK
Einar Lutro	HFK	Stein Inge Ryssdal	HFK
Jonny Håvik	HFK	Øyvind Hardeland	HFK
Gunn Berit Lunde Aarvik	Voss	Anved Johan Tveit	Eidfjord
Harald Victor Hove	Eidfjord	Hans Petter Thorbjørnsen	Ulvik

Vedtak: Årsmøtet slutta seg samrøystes til innstillinga frå valnemnda .

Som ny valnemnd vart Roald Kvamme og Mona Røsvik Strømme valde.

9. Godkjenning av styregodtgjersle for 2016

Styreleiar godtgjersle Kr. 50.000,-
Styremedlemmer kr. 2.000,- for kvart møte

Vedtak: Styregodtgjersla vart godkjend

10. Val av revisor

Vedtak: Som revisor vart Revisjon Voss attvald.

11. Godkjenning av revisorhonorar for 2015

Vedtak: Revisorhonorar for 2015 kr, 18 750,- vart godkjent

Møtet slutt kl: 13.00

Einar Lutro, styreleiar

Helge Nævdal